



Stranda kommune  
Øyna 13  
6200 STRANDA

Trondheim, 06.06.2019

Dykkar ref.:  
19S28244  
Inge Bjørdal

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
2019/3297  
19011283

Sakshandsamar:  
Hepsø, Marit

## Tildeling av tilskot - Kompetansehevande tilta for miljøvennlige innkjøp

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot av 15.02.2019 med referansenummer 19S28244. Det er søkt om eit tilskot på kr 2 360 000. Miljødirektoratet gir med dette ei tilsegn om seinare utbetaling av tilskot på kr 2 000 000. Tiltaket som blir gitt tilsegn om tilskot er "Kompetansehevande tilta for miljøvennlige innkjøp".

Beskriving av tiltaket:

*"Skal man få sette fart i overgangen til det grønne skiftet må det offentlige bruke si innkjøpsmakt ved å sette krav til produktene de kjøper inn slik at disse oppfyller kravene til bærekraft som er definert i*

*Meld. St. 41 (2016-2017)*

*Klimastrategi for 2030 - norsk omstilling i europeisk samarbeid*

*Sunnøre regionråd vil ha prosjektledelsen og kommunikasjonen med kommunene.*

*Innkjøps samarbeidet i regi av Ålesund kommune vil ansette en person ,ifor 2 år , som skal arbeide med å bedre miljøsetsingen rundt offentlige anskaffelser både på strategisk og operativ plan i kommunene i samarbeidet slik at disse oppfyller de nasjonale mål med hensyn til reduksjon av klimautslipp. For å få dette til kreves det og en økt innkjøpskompetanse ute i kommunene.*

*Det foretas store innkjøp til kommunesektoren hver dag og av mange forskjellige typer innkjøp , alt fra tjenester til utallige fysiske produkter. "*

### BAKGRUNN

Miljødirektoratet tok imot 574 søknadar til tilskuddsordninga "Klimasats - støtte til klimasatsing i kommunane" i 2019. Søknadene hadde et samla søknadsbeløp på totalt 577 millionar kroner. Det er satt av 200 millionar kroner i statsbudsjettet til ordninga i 2019. Formålet med ordninga er å bidra til reduksjon av klimagassar og omstilling til lavutslippssamfunnet. Miljødirektoratet har vurdert søknadene i ut frå tildelingskriteria og prioriteringskriteria.

Miljødirektoratet har teke imot 17 søknader for til saman 16 millionar kr til arbeid med å systematisere og integrere klimaomsyn i anskaffingar. Klimakrav i offentlege anskaffingar er eit viktig verkemiddel for å auke etterspørselen etter meir klimavennlige løysingar. Derfor er det offentlege pålagt å redusere miljøbelastninga og fremme klimavennlige løysingar ved sine anskaffingar. Kommunane er store innkjøpere av varer og tenester, og potensialet er stort for å

redusere utslipp frå desse anskaffingane, og samtidig auke markedet for meir klimavennlege løysingar. Miljødirektoratet har i 2019 auka støtteandelen til slike prosjekter, og oppfordra kommunane til å søke om dette. Vi har prioritert å støtte de anskaffingsprosjekta som har konkrete og godt forankra planer for korleis dei skal gjennomføre fleire klimavennlege anskaffingar i kommunen. Vi har vidare prioritert å støtte prosjekt som er meir ambisiøse enn dagens krav og praksis, og bidreg til auka kompetanse og auka gjennomføring av klimavennlige anskaffingar i kommunane.

#### MILJØDIREKTORATETS VURDERING

Stranda kommune, saman med Ålesund, Giske, Sykkylven, Sula, Hareid, Herøy, Volda og Norddal, har søkt om 2 360 000 kr for at innkjøpsamarbeidet i regi av Ålesund kommune kan tilsetja ein person for to år. Personen skal arbeida med å betra miljøsatsinga rundt offentlege innkjøp. Vi viser vidare til tilleggsinformasjon frå kommunen/Sunnmøre regionråd mottatt 14.03.19. Kommunane opplyser her om at dei har eit innkjøpsamarbeid som i løpet av prosjektperioden skal inngå innkjøpsavtalar som dekker mange tema der det er veldig aktuelt å stilla krav til miljø og klima. Transport er framheva som spesielt aktuelt å stilla krav til, enten innkjøp av køyretøy eller i innkjøp som krev hyppig levering av varer.

Miljødirektoratet vurderer at prosjektet vil å bidra til å redusera klimagassutslepp frå innkjøp i dei involverte kommunane, gjennom å sikra auka kompetanse og stilla felles klimakrav i dei relevante rammeavtalane som blir nemnde. Det trekk opp at det er etablert eit breitt samarbeid, og at prosjektet inkluderer fleire konkrete innkjøp som skal gjennomførast med høge klimakrav. Lykkast kommunen med å integrere klimaomsyn i innkjøp systematisk og grundig i heile eller store deler av kommunen vil dette arbeidet bidra til langsiktig klimagassreduksjon også i seinare innkjøp.

Miljødirektoratet støttar søknaden. Støtta dekker inntil 75% av kostnadene kommunen har i prosjektet, avgrensa til 2 000 000 kr. Støtta og den tilhøyrande eigeninnsatsen skal sin i heilskap gå til målretta arbeid for å redusere klimabelastinga av innkjøp, og kan ikkje nyttast til meir generelt arbeid med innkjøp. Støtta kan nyttast til å innarbeide klimaomsyn i innkjøp utover dei produktgruppene som er nemnt i søknaden. Resultata frå arbeidet skal rapporterast, og så langt som mogleg inkludera berekna klimagassreduksjon som blir oppnådd gjennom arbeidet.

Vi oppfordrar Stranda kommune ta kontakt med andre kommunar som òg får støtte frå Klimasats i 2019 til å kopla klimakrav og innkjøp og oppretta stillingar innanfor dette, slik at de kan samarbeida der det er formålstenleg:

- Karmøy kommune, v. Pernille Iden: peid@karmoy.kommune.no
- Stavanger kommune v. Lin Helliesen, lin.helliesen@stavanger.kommune.no
- Klimaetaten, Oslo kommune, v. Petter Christiansen, petter.christiansen@kli.oslo.kommune.no
- Kristiansand kommune, v. Valborg Langeveg, valborg.langeveg@kristiansand.kommune.no

#### RAPPORTERING OG UT BETALING

Rapportering skjer i elektronisk søknadssenter. Det er mulig å leggje inn rapport så snart rekneskapet er klart, sjølv om dette er før rapporteringsfristen.

Utbetaling skjer etterskotsvis på grunnlag av innsendte rapportar og bekrefta rekneskap. Rekneskapet skal være bekrefta av økonomisjef/rekneskapsansvarlig, kommunerevisjon eller ekstern revisor. For tilskot over 1 000 000 kr skal sluttrekneskapet være bekrefta av revisor.

Dersom kommunen sine eiga arbeidstimer inngår som ein del av klimaprojektet skal det for kvar person oppgjevast talet på timer, timesats og namn på tilsett. Detaljerte timelistar og fakturaer skal ikkje sendes inn til Miljødirektoratet, men kommunen må ha dette som underlagsdokumenter for rekneskapet.

Kommunane må nytte tilskotet i tråd med regelverket for offentlege anskaffingar og anna relevant lovverk.

#### AKSEPT

Frist for å akseptere tilbodet er 1. september 2019. Tilbodet aksepteras i søknadssenteret.

#### RETTLEIING OM KLIMAVENNLIGE ANSKAFFINGAR

Direktoratet for IKT og forvaltning (Difi) har vurdert søknadane på dette temaet. Vi oppfordrar kommunane til å nytte seg av Difis rettleiarar i det vidare arbeidet med klimavennlige anskaffingar, for eksempel Difis kriterieveiviser på nett: <https://kriterieveiviseren.difi.no/>

Lykke til med arbeidet!

Denne avgjerda er ikkje et enkeltvedtak og kan dermed ikkje påklages, jamfør forvaltningslova § 2 første ledd bokstav a og b, jamfør fjerde ledd.

Følgjande rapportering er ein føresetnad for tilsegna om tilskot:

Skal leverast	Beskriving	Frist
Delrapport	Delrapport med resultat og erfaringar frå arbeidet så langt. Bekrefta rekneskap.	31.12.2019
Delrapport	Delrapport med resultat og erfaringar frå arbeidet så langt. Bekrefta rekneskap.	31.12.2020
Sluttrapport	Sluttrapport med resultat og erfaringar frå arbeidet. Rekneskap bekrefta av revisor	31.10.2021

Beløpet vil bli utbetalt innanfor følgjande plan:

Planlagt utbetalt	Beskriving	Beløp
202002	Utbetaling av tilskudd	200 000
202102	Utbetaling av tilskudd	800 000

202112	Utbetaling av tilskudd	1 000 000
--------	------------------------	-----------

Tilsegna er gyldig til 31.12.2021. Dersom rapporteringa som vist ovanfor ikkje blir overhalden, fell tilsegna om tilskot bort, og tilsegsbeløpet vil då bli omdisponert til andre formål.

Dersom føresetnadene for å gjennomføre tiltaket blir endra vesentleg eller fell bort (teknisk/fagleg, økonomisk eller framdriftsmessig), skal Miljødirektoratet ha beskjed med det same.

Vi gjer merksam på at Miljødirektoratet og/eller Riksrevisjonen med heimel i løyvingreglementet kan kontrollere om tilskotet er nytta i samsvar med føresetnadene.

Vi gjer vidare merksam på at Miljødirektoratet heilt eller delvis kan krevje eit eventuelt utbetalt tilskot tilbakebetalt dersom midlane ikkje blir brukte i samsvar med føresetnadene, eller føresetnadene for tilsegna fell bort.

Rekneskapsbilag knytte til gjennomføringa av tiltaket skal oppbevarast i minst ti år, eller i samsvar med rekneskapslova dersom verksemda di er underlagd denne.

Helsing  
Miljødirektoratet

*Dette dokumentet er elektronisk godkjend.*

Herdis Laupsa  
seksjonsleder

Marit Hepsø  
saksbehandler

Tenk miljø - velg digital postkasse frå e-Boks eller Digipost på [www.norge.no](http://www.norge.no).

Kopi:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Giske kommune v/ Sindre Røsvik,  
Alesund kommune v/ Jonny Indrevåg  
Sykkylven kommune, v/ May-Helen Molvær  
Grimstad  
Sula kommune v/ Leon Aurdal  
Hareid kommune v/ Ragnhild Velsvik Berge  
Herøy kommune v/ Olaus-Jon Kopperstad,  
Volda kommune v/ Rune Sjurgard

fmmrpostmottak@fylkesmannen.no  
sir@giske.kommune.no  
jonny.rune.indrevag@alesund.kommune.no  
mayhelen.molvaer.grimstad@sykkylven.kommune.no  
leon.aurdal@sula.kommune.no  
ragnhild.velsvik.berge@hareid.kommune.no  
olaus-jon.kopperstad@heroy.kommune.no  
rune.sjurgard@volda.kommune.no

Norddal kommune v/ Karl Andre Birkhol

Karl.Andre.Birkhol@norddal.kommune.no